

## **Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen** **onsdag 23. februar 2010, kl. 18.00**

Det møtte 34 delegatar med røysterrett og 2 utan røysterett.

### **Sak 1 Velkomen / opning**

"Opplett" spelte Gangar e. Håkon Høgemo og "Väsen".

Håvard Ims ynskte velkomen frå styret. Og årsmøtet hadde 1 minutt stilla for å minnast dei som har gått bort i 2010.

Håvard snakka om at laget er eit kuntepunkt for folkekultur, men også om økonomiske utfordringar i året som har gått. Han takka alle dei som gjer ein stor innsats både organisatorisk og dugnadsmessig i laget kvar veka, og kvart år. Særleg trakk han fram Torgrim Ljones, som har vore aktiv i veldig mange år, og framleis er særst aktiv, samt Annbjørg Fadnes Kyrkjebø som har vore tilsett i laget i 30 år.

### **Sak 2 Konstituering**

2.1 godkjenning av innkalling

Håvard gjekk gjennom innkallinga, som vart send ut til alle medlemar den 9. februar.

**Vedtak: Innkallinga vart samrøystes godkjend.**

2.2 godkjenning av saklista

Håvard gjekk gjennom saklista, som vart send ut til alle medlemar den 9. februar

**Vedtak: Saklista vart samrøystes godkjend.**

2.3 val av ordstyrarar

**Vedtak: Borghild M. Opdahl og Arnvid Underlid**

2.4 val av skrivarar

**Vedtak: Gro Vetås og Terje Furenes.**

2.5 val av protokollunderskrivarar

**Vedtak: Bjørn Feltens og Grete Oline Hole.**

2.6 val av teljekorps

**Vedtak: Endre Kleiveland og Øystein Erstad.**

### **Sak 3 Årsmelding med arbeidsprogram 2009 - 2010 for Bergen ungdomslag Ervingen**

Inger Marie Godeseth la fram saka frå styret.

Årsmelding for Bergen ungdomslag Ervingen og melding frå Fonds- og eigedomsstyret låg ved årsmøtepapira som eige vedlegg. Orientering frå lagsstyret om arbeidet med arbeidsprogrammet låg også ved årsmøtepapira som eige vedlegg.

Inger Maria peika på at det har vore stor aktivitet i laget dette året. Me har skipa til Folkedansfestivalen, i samarbeid med Noregs Ungdomslag. Her vart det lagt ned stor dugnadsinnsats. Gjennom prosjektet "Bergen dans" fekk me over 200 barn til å danse folkedans. Koret deltok i "Syng for oss" konkurransen, og fekk ein god

plassering. Styret meiner også at laget har vore meir synlege i bybilete enn før. Og oppussing av kontorlokale / dekor i vindauga har gitt oss ein flott fasade i byen.

Laget har oppretta Facebook-side, og jobbar med ein ekstern profil for laget (vindauga og skilt). I tillegg har me fått utbetalt sluttsum frå Selsvikgard.

*Tilråding frå rådet 21. februar: Årsmeldinga for 2010 vart tilrådd.*

Desse hadde ordet i saka: Eldbjørg Gunnarson, Borghild Opdahl, Håvard Ims og Hilde H. Erstad

Rettingar til årsmeldinga:

s. 5: Torbjørn deltok på modul 2 kurs i Oslo.

s. 5: ... kurs i meldingsåret 2010....

Tal og økonomi frå Folkedansfestivalen vart etterlyst – desse er ikkje klare enno, og er difor ikkje med i årsmeldingar eller rekneskapen 2010.

Årsmøtet ynska at det står i årsmeldinga kven som skipar til og kven me samarbeider med, på dei ulike tilskipingane.

Årsmøtet fekk ei munnleg melding frå Ervingen Lagsbruk AS ved Øystein Erstad. Han gjekk gjennom strukturen for dei nye selskapa, og korleis arbeidet i Ervingen Lagsbruk AS går.

Desse hadde ordet i saka: Steinar Kyrkjebø, Torgrim Ljones og Stig Vaular.

Torgrim la fram melding frå Fonds- og eigeomsstyret.

Desse hadde ordet i saka: Mari S. Lysne.

Kommentarar: kr. 13.500,- løyvd til 6 pers på instruktørkurs. Dette vert endra i meldinga.

**Vedtak:**

- a. Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2010 for laget, med dei merknadene som kom fram på møtet.
- b. Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2010 frå Fonds- og eigeomsstyret.
- c. Årsmøtet tek melding om arbeidet i Ervingen Lagsbruk AS til vitande.
- d. Årsmøtet tek melding om arbeidet med arbeidsprogrammet til vitande.

#### **Sak 4 Rekneskap for 2010**

Håvard Ims la fram resultatrekneskapen frå styret. Torgrim Ljones la fram rekneskap for reservefondet.

Resultatrekneskap og balanse med notar for laget er lagt ved årsmøtepapira som egne vedlegg. Rekneskapen for 2010 synte eit underskot på om lag 76 831,-. Rekneskap for reservefondet vart lagt fram munnleg. Dette er ikkje revidert enno.

*Tilråding frå rådet 09 februar, og 21. februar: Rådet stør Lagsstyret sitt framlegg om å dekkja kr. 50 000,- av underskotet frå Reservefondet og føre resten over på neste års budsjett. Rådet tilrår lagsrekneskapen for 2010.*

Borghild M. Opdahl las melding frå revisorane.

Desse hadde ordet i saka: Sverre M. Sundvor, Torgrim Ljones, Øystein Erstad, Steinar Kyrkjebø og Hans Nyeggen.

**Vedtak:**

- |   |
|---|
| <p>a. Årsmøtet tek meldinga frå revisorane til vitande og godkjenner rekneskapen for 2010. kr. 50 000,- av underskotet vert dekkja frå Reservefondet og resten vert ført over på neste års budsjett.</p> <p>b. Årsmøtet gjev Rådet fullmakt til å godkjenne revidert rekneskap for 2010 for Reservefondet, og om underskotet til laget skal dekkast inn av fri eller bunden del av reservefondet.</p> |
|---|

Matpause. Årsmøtet song "Nordmannen".

## **Sak 5 Arbeidsprogram 2011-2012**

Mari S. Lysne la fram saka frå styret.

Desse hadde ordet i saka: Eldbjørg Gunnarson, Endre Kleiveland, Håvard Ims, Sverre M. Sundvor, Borghild M. Opdahl, Torgrim Ljones, Charlotte R. Nordahl, Knut Malkenes, Øystein Erstad, Stig Vaular og Steinar Kyrkjebø.

Innspel til detaljar: Lysing for "Ring 3". Utbetring av kjøkken og WC i Gimle. Utvikla kjellaren i Fensal. Stort behov for vedlikehald av begge husa. Det er planlagt ei oppussing av Vågsbunnen. Her bør laget delta i debatten.

**Vedtak:**

<p>Årsmøtet vedtek framlegg til arbeidsprogram for 2011- 2012.</p>
--

## **Sak 6 Budsjett 2011**

Håvard Ims la fram saka frå styret. Mykje er usikkert, men styret trur at inntektssida som kan bli større. Utgiftsida er i stor grad sett på same nivå som for 2010. Styret har budsjettert med underskot for 2011.

*Tilråding frå rådet 21 februar: Budsjett for 2011 vert tilrådd.*

Desse hadde ordet i saka: Sigrid Ølmheim, Margareth Leite Nilsen, Knut Malkenes, Annbjørg Fadnes Kyrkjebø, Øystein Erstad, Steinar Kyrkjebø, Håvard Ims, Arnvid Underlid, Endre Kleiveland, Torgrim Ljones, Gro Vetås og Øystein Rambjørg.

Årsmøtet ynskta eit budsjett i balanse.

Framlegg frå Øystein Erstad: Ymse inntekter: 53.800,-  
Årsmøtet godkjende dette.

**Vedtak:**

Årsmøtet vedtek framlegget til budsjett for 2011, med dei endringar som er gjort på årsmøtet, slik at budsjettet går i balanse.

**Sak 7 Medlemspengar 2012**

Stig Vaular la fram saka.

*Tilråding frå rådet 09. februar: Medlemspengar for 2012 blei tilrådd*

Desse hadde ordet i saka: Margareth Leite Nilsen, Borghild M. Opdahl og Annbjørg Fadnes Kyrkjebø.

**Vedtak:**

**Medlemspengar 2012:**

Vaksne	kr 700	(inga endring)
Ungdom t.o.m. 26 år	kr 500	(inga endring)
Barn t.o.m. 14 år	kr 450	(inga endring)

I tillegg kjem aktivitetsavgift for medlemar som deltek på ein eller fleire faste øvinga i laget; kr. 100,- pr. halvår.

**Sak 8 Innkomne saker**

Ingen innkomne saker.

**Sak 9 Fråsegner**

Ingen fråsegner.

**Sak 10 Val**

Endre Kleiveland frå valnemnda la fram saka.

Merknader:

Barnelaget har ikkje leiar. Dei organiserar seg sjølv.

Det manglar leiar og medlem for 2 år i blad- og blestnemnda. Valnemnda gjorde framlegg om at nemnda vart vald med 3 medlemar. Og at styret skal vurdera denne nemnda til nest år.

Ingrid Hope i korstyret vert berre vald for eit år.

Desse hadde ordet i saka: Bjørn Feltens og Steinar Kyrkjebø.

**Vedtak:**

**Lagsstyret**

Leiar	Håvard Ims	1 år
-------	------------	------

Styremedlem	Stig Vaular	1 år
Styremedlem	Mari Skjerdal Lysne	ikkje på val, 1 år att
Styremedlem	Borghild M. Opdahl	2 år
Styremedlem	Anbjørg M. Bergwitz	2 år
Varamedlem	Ingunn Røstbø	1 år
Varamedlem	Terje Furnes	1 år
Varamedlem	Marta Drønen Herdlevær	1 år

#### Rådet

Leiar	Frode Myhra	1 år
Medlem	Grete Oline Hole	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Ole Ekornes	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Ingunn Skjelvan	2 år
Medlem	Astrid Sirnes	2 år
Medlem	Stig Indrebø	2 år
Medlem	Eli Randmo	ikkje på val, 1 år att
Varamedlem	Berit H. Lappegård	1 år
Varamedlem	Endre Brunstad	1 år
Varamedlem	Hans Nyeggen	1 år

#### Fond og Eigedom

Leiar	Petter Rysst	1 år
Medlem	Endre Kleiveland	2 år
Medlem	Oddrun Samdal	2 år
Medlem	Ragnar Nesdal	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Torgrim Ljones	ikkje på val, 1 år att

#### Folkedanslaget

Leiar	Gunn Inger Sture	1 år
Medlem	Sindre Vatnehol	2 år
Medlem	Guro Haugen	2 år
Medlem	Sigrid Ølmheim	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Silja Solvang	ikkje på val, 1 år att

#### Ungdomsgruppa

Medlem	Borghild M. Opdahl	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Birgit Årdalsbakke	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Maria Nordås	2 år

#### Barnelaget

Medlem	Monika Antun	medlem 2 år
Medlem	Berit Røgelstad	2 år

Medlem	Vegard Opheim	ikkje på val, 1 år att
--------	---------------	------------------------

#### Kor e Tonen

Leiar	Bjørn Feltens	1 år
Medlem	Charlotte R. Nordahl	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Ingrid Hope	1 år
Vara	Sebastian Derwisch	1 år
Vara	Kjerstin Andersen	1 år

#### Teater

Leiar	Ingvild Solberg	1 år
Medlem	Kristin Mills	2 år
Medlem	Ben-Ove Vedøy	supplering 1 år

#### Spelmannslaget

Medlem	Svein I. Støve	1 år att
Medlem	Eva Marie Toppe	2 år
Medlem	Arve Berg	ikkje på val, 1 år att

#### Gimlingane

Medlem	Gunn Wergeland	1 år
Medlem	Laila Årdal	2 år

#### Blad & Blest

Leiar		1 år
Medlem	Sverre Sundvor	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Maria Skjeldrum Toppe	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Audun Hole	2 år
Medlem		2 år

#### Hyttenevnda

Medlem	Knut Malkenes	1 år
Medlem	Hans Nyeggen	2 år
Medlem	Berit H. Lappegård	ikkje på val, 1 år att

#### Bygdelagsnevnda

Repr.	Eldbjørg Gunnarson	1 år
Repr.	Endre Brunstad	1 år
Vara	Oddrun Samdal	1 år

#### Ettersyn

	Halvor Røyset	1 år
--	---------------	------

	Lars Olav Tveita	1 år
Vara	Oddlaug Oppedal	1 år

#### Valnemnda

Leiar	Endre Kleiveland	1 år
Medlem	Rigmor N. Vaular	1 år
Medlem	Øystein Ask	1 år
Medlem	Ingeborg Hollekim Bringslid	1 år
Medlem	Kristine Gabrielsen	1 år

#### Selsvikklubben

Leiar og kontaktperson	Bente E. Birkeland	1 år, Selsvikklubben vel sjølve
------------------------	--------------------	---------------------------------

Valnemnda gjer framlegg om at Lagsstyret får fullmakt til å skaffe all representasjon.

Håvard Ims takka for tilliten, og takka dei som gjekk ut av lagsstyret, med ein blømebukett.

Møtet slutt kl. 21.30

Skrivarar: Gro Vetås og Terje Furenes

Bjørn Feltens



Grete Oline Hole

